



Tingvoll, 3.5.2022

Møre og Romsdal fylkeskommune
post@mrfylke.no

OFFENTLEG ETTERSYN – SØKNAD OM AKVAKULTURANLEGG FOR MATFISK AV TORSK - RANEM I GJEMNES KOMMUNE - FRÅSEGN

Nordmøre Torsk AS/Gadus har søkt om å få drive oppdrett av torsk på lokalitet Ranem i Gjemnes.

Det var så mange søknader om torskeoppdrett ei stund at denne saka blei oversett. Vi ønsker likevel å la oss høyre, sjølv om dette blir etter den kommunale fristen.

Havforskningsinstituttet har i 2019 levert ein rapport¹ med gjennomgang av påverknad når det gjeld mellom anna næringsalter:

Produksjonsområde 6, Nordmøre og Sør-Trøndelag


Økt konsentrasjon av næringsalter. Denne sonen har den høyeste produksjonen av laksefisk langs norskekysten med rundt 257 000 tonn. Utslippene av løste næringsalter er estimert til 9868 tonn nitrogen og 1311 tonn fosfor, men de er fordelt på et stort sjøareal, 9387 km². Dette vil gi et utslipp på 1051 kg løst nitrogen og 140 kg løst fosfor per km² årlig. Det meste av laksefiskproduksjonen i området foregår på bølgeeksponert kyst, og løste næringsalter spres og fortynnes effektivt med strøm og vind. Det er derfor liten sannsynlighet for vesentlig økt konsentrasjon av næringsalter. Produksjonsområdet har kun noen få stasjoner som overvåkes i ØKOKYST og alle ligger i Trondheimsleia. Miljødata fra disse stasjonene viser «god» til «svært god» tilstand for næringsalter. Tilstanden vurderes som god, med dårlig kunnskapsgrunnlag på grunn av manglende miljødata for store deler av området.

Den kunnskapen som er om påverking av mineralsalter i fjordsystemet i Gjemnes – Tingvoll – Sunndal bygger altså på målingar i Trondheimsfjorden og lenger ut på kysten. Det gjeld også ein del andre miljøtema. Ein får håpe magekjensla er rett, men dette tyder at ein ikkje har særleg god kontroll med dette temaet. Kunnskapsgrunnlaget blir rekna som dårleg, og det gjeld fleire tema.

¹ Havforskningsinstituttet. Rapportserie: [Fisken og havet 2019-5](#) ISSN: 1894-5031 [Risikoreport norsk fiskeoppdrett](#) Publisert: 09.12.2019 Oppdatert: 24.06.2020 Prosjektnr: 14272-01

Nordmøre torsk har no to søknader i dette fjordsystemet, samtidig som det også er ein konsesjon til handsaming for kveite. Om alle søknadene får konsesjon, blir det til saman ein del nye utslepp. Vassutskiftinga er prega av at dette fjordsystemet er ein terskelfjord.

Det finst ein ganske ny rapport frå Havforskningsinstituttet om terskelfjordane²



Det er altså ei avgrensa måling av påverkningsfaktorar, og terskelverknad gjer det ikkje enklare å vurdere kor mykje fjordsystemet toler. Lakselus har vel gjort sitt til at mengda med tamfisk ikkje har auka så mykje dei siste åra i midtre og indre delar av Nordmøre. Samtidig altså ein mogleg trend i mindre vassutskifting. Det er dermed dess meir nødvendig at ein no har ei føre var-haldning. 3 nye konsesjonar i området er minst 2 for mykje.

Motstrid mellom Gadus Group AS og Havforskningsinstituttet

Det verkar som det er noko usemje om faktiske tilhøve:

på gytefelt. Det er imidlertid ikkje påvist kryssningar mellom villtorsk og oppdrettstorsk, verken fra rømt fisk eller fra gyting i merd (Meeren mfl. 2012), (Jørstad mfl. 2008). I tillegg til tester på stamfisk,

Vi har klipt frå rapporten om påverking av vill torsk på side 3. (Vi seier oss samtidig lei for at vi berre har klipt frå rapporten og ikkje tar med heile rapporten i heilskap slik Gadus Group krev i innleiinga.)

² Rapportserie: [Rapport fra havforskningen](#) 2021-43 ISSN: 1893-4536 Publisert: 21.12.2021 Prosjektnr: 15563 Oppdragsgiver(e): Fiskeridirektoratet

Vi opplever ved å lese Havforskningsinstituttet (HI) sin rapport <https://www.hi.no/hi/nettrapporter/rapport-fra-havforskningen-2021-22> og samanlikne dette med kva Gadus seier om same tema at dette ikkje heng saman.

Det går igjen i HI sin rapport at kysttorsken består av små stammar som generelt ikkje har det veldig bra. Særleg dei små stammene vil vere utsette om dei blir utsett for påverknad frå tamtorsk.

Vidare seier HI: *Genetiske interaksjoner mellom domestisert oppdrettsfisk og ville populasjoner er godt dokumentert og representerer en av de største utfordringene for et bærekraftig havbruk (Bekkevold m.fl. 2006; Taranger m.fl. 2015; Forseth m.fl. 2017; Glover m.fl. 2017).*

Vidare:

I motsetning til laksen vil torsken kunne gyte i merdene. Gyteatferd hos torsk involverer trolig partnervalg med kurtise (Karlsen & van der Meeren 2013), og det er observert at torsk kan gyte i små vannvolum (van der Meeren & Ivannikov 2006). Det er videre påvist at befruktete egg fra oppdrettstorsk vil unnsnippe merdene og overleve til kjønnsmoden torsk som igjen vil bidra til gyting på lokale gytefelt (Jørstad m.fl. 2008; van der Meeren m.fl. 2012). En studie med genetisk merket torsk i et kommersielt oppdrettsanlegg i Norddalsfjorden ved Florø påviste larver og yngel av torsk med den genetiske markøren i og ved gyteområder opp til 19 km unna anlegget, men grunnet rømmingsepisoder fra anlegget var det ikke mulig å si om dette var avkom fra gyting i merd eller fra rømt torsk (Jørstad m.fl. 2014).

Naturvernforbundet får ikkje til anna enn at det kan vere ein viss motstrid om dette temaet mellom det Gadus Group og Havforskningsinstituttet seier.

Kartlegging

Når det gjeld artar i området har vi sett på Artskart for å sjå kva som finst av registreringar.

Artskart viser at det er observert fiskemåke i 1975 og ærfugl i 2013 i dette området. Brisling er observert i 1987. Det er sjølvsagt mogleg å seie at i dette området er det omtrent ikkje noko som må jagast bort for å få plass til torsken. Vil ein vere seriøs må ein rekne området som ikkje kartlagd, og då er kartlegging nødvendig.

Vi har ikkje kontrollert kva registreringar etter DN-handbok 19 seier om området. Erfaringa frå andre søknader frå Gadus tilseier at det må gjerast ein jobb med å finne ut kva område som er kartlagd før ein kan dra konklusjonar.

Noko anna ein kan tru er dårleg kartlagd er korallar. Vi kan ikkje mykje om slikt, men har vore borti eit par saker i område med ein del straum. Kan det vere korallar i dette området?

Elles antar vi at bestandane av kysttorsk i dette området er usikkert kartlagd.

Mange søknader – mogleg sumeffekt

Med meir enn 10 søknader i fylket omtrent samtidig vil ein kunne få effektar i stor skala som ein ikkje kan ta omsyn til fordi ein ikkje kjenner førekomsten av torskestammene eller mykje anna. Dette i seg sjølv gjer det nødvendig med ei omfattande konsekvensutgreiing.

Påverking av lys

Søkjar seier dei vil bruke lys for å utsetje gyting. Fugl og flaggermus kan bli påverka av lys. Det gjeld vel også fisk sidan *Gadus* ønskjer å bruke det. Det er nødvendig å få konsekvensutgreidd kva verknaden kan vere.

Forbruk av fôrressursar

På folkemøtet i Sunndal 26.1. presenterte *Gadus Group* seg med at dei skulle «*Sikre verden tilgang på nok mat på en berekraftig måte*». Oppdrettsfisk må i tilfelle ete mat som vi menneske ikkje kan nytte oss av viss dette skal vere tilfelle. Om dette ikkje er tilfelle så vil verda få tilgang til mindre mat, ikkje meir. Dette er eit spørsmål som kan vere sentralt når ein skal avgjere saka.

Søkjar seier at dei bruker vesentleg meir fôr med marint opphav enn det som er vanleg. Laksenæringa har dei seinare åra auka andelen som ikkje har marint opphav grunna for liten tilgang av fôr med marint opphav. Når mindre bruk av soya blir vist til som ein fordel når ein skal vurdere om søknaden skal føre til ein konsesjon, er det nødvendig å få klarlagt meir om det. På møtet i Sunndal blei det opplyst at avskjær frå lakseproduksjon er aktuelt fôr. Når ein ikkje kan føre laks med slikt fôr, så vil vi t.d. vite om det er greitt å bruke slikt fôr når ein har ei lakseførande elv som Driva lenger inn i fjorden. Jo meir laks ein kan føre opp på soya, jo meir marint fôr blir det tilgang til for tamtorskverksemda. Det høyrast jo mykje betre ut enn om tamtorsken et soya, men er det kanskje ikkje. Viss det er andre fiskeressursar næringa har sett seg ut, er det nødvendig å få gjort ei vurdering av kor mykje ressursar ein kan ta ut før andre artar blir vesentleg påverka. Her må ein også ta høgde for at det kan bli mange svoltne tamtorskar i framtida, så mange søknader som ein no ser.

Utslepp

Søknaden verkar vag på kva utslepp det er tale om. På møtet i Sunndal blei det opplyst at ein kg fôr blir til ein kg torsk. I så fall kan vel ikkje denne tamtorsken bæsje. Då kan ein sjølvsagt sjå bort frå dette. Viss det likevel er så at tamtorsken bæsjer, så må vi få vite kor mykje det er tale om, t.d. i form av nitrogen og fosfor. Det vil då vere nødvendig å få på bordet meir opplysningar om kor mykje av denne typen utslepp ein reknar med at dette fjordsystemet toler, og kor mykje av «kvota» ein alt har brukt opp på annan måte.

Ved føresetnaden om at tamtorsk bæsjar og ein kg fôr blir ein kg fisk, må det tyde at det er noko næring i fjorden som tamtorsken kjem til å ete. Kva er det? Kva for artar er det då som ikkje lenger får mat? Tar tamtorsken plankton og anna næring i sjøen og gir frå seg fiskebæsj i staden til dei som bur der frå fôr? Det er det vesentleg å få svar på.

Avl på torsk og lokale torskestammar

Vi har sett gjennom 50 år at tamlaks er noko anna enn laksen i vill tilstand. Ved utval får tamlaksen andre eigenskapar. Så lenge tamlaksen ender på middagsbordet utan å ha rota det til med vill laks på veggen, så treng det ikkje vere eit problem. Så snart tamlaks blander seg med den ville, så har ein fått ein negativ verknad.

Vi er overtydde om at ein vil sjå det same med tamtorsken. Det blir opplyst at ein no har 6. eller 7. generasjon tamtorsk.

Sidan kysttorsken har forskjellig genetikk etter kvar han held til, dvs. forskjellige stammar, vil det då bli eit problem både at han kan bli utsett for blanding med ein tamtorsk som er avla på, men også at det blir blanding av fleire lokale kysttorskestammar.

Vi har ikkje sett teikn til at tamtorskverksemda har tenkt å bruke 1. generasjon aktuell kysttorsk i staden for den dei har avla på. Her er det noko som må utgreiast grundig, slik at ein kan unngå problema som har oppstått med tamlaksen.

Vi såg nettopp ein artikkel hos NrK om supergenar hos torsk. Universitetet i Agder var opphavet til nyhendesaka. Einsretting av genetikken som ein ser hos tamlaksen, og rot med lokale kysttorskstammar vil truleg vere negativt ut frå det som var nemnt om supergenane.³

Konsekvensutgreiing

Området har ein ganske ny sjøarealplan med noko som gav seg ut for å vere konsekvensutgreiing. Utgreiinga var så mangelfull at det er spørsmål som krev ny utgreiing. Med denne søknaden har det meldt seg nye behov og omsyn som gjer det heilt nødvendig å konsekvensutgreie på nytt.

Konklusjon:

Oppdrett av torsk er på mange måtar ei ny næring. Det er mykje vi ikkje veit om korleis denne næringa kan påverke naturen. Den viktigaste kunnskapen vi har er skaffa gjennom 50 år med oppdrett av laks. Med dei problemstillingane som har blitt synlege i lakseoppdrett, er det tydeleg at ein skal gjere ein del ting annleis med torsk. Det er difor eit etter måten stort behov for kunnskap. Denne kunnskapen må andre enn næringa sjølv skaffe. Difor er det eit stort behov for konsekvensutgreiing i saker som denne.

Med helsing

Øystein Folden
Fylkessekretær

Kopi:

Gjemnes kommune, post@gjemnes.kommune.no

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, sfmrpost@statsforvalteren.no

³ <https://www.nr.no/nordland/supergener-i-torsk-gjor-den-bedre-utrustet-til-a-takle-endringer-i-klima-1.15858039>